

## Søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal – gjødselvarer

Søknaden skal sendast til kommunen der driftssenteret er plassert. Kommunen kan godkjenne gjødsling der det er ynskjeleg og avslå for areal der det ikkje er ynskt med gjødsling. Gjødsling av innmarksbeite er viktig for å sikre god beitevekst, men ein skal òg ta omsyn til vassmiljø og område med biologisk mangfald.

Husdyrgjødsel/biorest: NB! Du kan ikkje spreie husdyrgjødsel på innmarksbeite før det føreligg eventuell godkjenning frå kommunen. For areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje trong for ny godkjenning. Ver likevel merksam på at du ikkje kan spreie gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag, og berre på areal som framleis er klassifisert som innmarksbeite. Utrekna dekar spreieareal frå gamal godkjenning kan difor vere feil i dag.

Mineralgjødsel: Frå 2025 er det innført krav om godkjenning òg for bruk av mineralgjødsel på innmarksbeite. Dei tre første åra kan du likevel spreie mineralgjødsel på innmarksbeite som er oppført med mineralgjødsel i gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Frå 2028 kan du ikkje spreie noko mineralgjødsel på innmarksbeite før godkjenning.

Grunnopplysingar – ansvarleg søkjar			
Org.nr	Namn på føretaket	GBNR	Kommune 4618 Ullensvang
Etternamn		Førenamn	
Adresse	Postnummer	Poststad	
Telefonnr.		E-postadresse	

Gjeld søknaden berre bruk av mineralgjødsel	JA	NEI
Gjeld søknaden godkjenning for både husdyr- og mineralgjødsel og biorest		

Grunngjeving for søknaden – noter og om areala er gjødsla tidlegare
---

Søknad om godkjenning av fylgjande inmarksbeite					Tidlegare praksis	
GBNR	Tal daa	Planlagd beitebruk (dyreslag, tal dyr og tid på beite)	Teig nr	Type gjødsel	Husdyrgjødsel /biorest	Mineralgjødsel
<b>Korleis skal husdyrgjødsla spreist – metode/utstyr</b>						
Dato og stad				Underskrift		
Dato og stad				Underskrift		

Dersom du søker på leigd areal vil me og ha underskrift frå eigar at han er kjend med søknaden og godtek denne. Vedtaket vert sendt til eigar med kopi til leigetakar

## Naudsynte vedlegg til søknaden

### Kart :

1. Eit kart som viser det/ dei aktuelle området du søker på – merk dette med teig nummer
2. Eit oversiktskart som viser kvar alle teigane ligg på garden, merk gjeldane teigar med nummer

Framgangsmåte for å lage kart:

- Gå inn på <https://gardskart.nibio.no/>
- Søk opp kommune og gnr./bnr., ev. Legg til fleire eigedomar
- Zoom inn til rett innmarksbeite
- Gå til Teikne/måle, Flate: Merk aktuelt areal ved å venstre-klikke med mus, dobbeltklikk for å avslutte flate T
- Gå til Teikne/måle Tekst: Skriv på nummer på teigen dersom du har fleire
- Trykk Lag pdf for utskrift / lagring: Vel kartutsnitt og finn beste målestokk. Dra den gule firkanten slik at den dekker aktuell innteikning Vel Avansert gårdskart for val mellom ståande og liggande format
- Trykk lagre fil for utskrift Du får då en pdf som du lagrar på eigen pc
- Last pdf av teigen opp i søknaden

Gjødslingsplan: frå 2022 eller 2023.

Annan dokumentasjon og kommentarar om tidlegare gjødsling på beita er relevant for kommunen si vurdering.

### **Gjødslingsplan:**

Planlagt bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødsel på innmarksbeite må inkluderast i gjødslingsplanen etter at areala er godkjent som spreieareal for gjødsel.

Heimel

Jf. § 17 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. Spreiing av gjødselvarer kan berre skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Ein kan også spreie på innmarksbeite etter godkjenning frå kommunen. Kommunen skal i si vurdering legge særleg vekt på kva verknadar gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Jf. § 18 om vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiiing blir det stilt krav om å halde minst 6 meter avstand til vassdrag for alle gjødselslag ved spreiiing i innmarksbeite.

Jf. § 20 om avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal kan ein ikkje tilføre meir enn 2 kg fosfor per dekar innmarksbeite i løpet av eit år. Jf. § 36 om overgangsreglar punkt 2. omhandla beite godkjent som spreieareal, og fastslår at for areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen ha godkjent innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.